



STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2

Dato: 26.04.2021  
Vår ref.: 21/02087-1

6863 LEIKANGER

Anette Heggøy

## Søknad om endring av utsløppsløyve for Voss tettstad

Med bakgrunn i varsel frå Statsforvaltaren i Vestland om endring av gjeldande utsløppsløyve for Voss tettstad, søker Voss herad med dette om reduksjon i utsløppskrav ved nytt løyve. Voss herad søker om ordinært krav til sekundærreinsing, jf. Kap. 14 i *Forskrift om begrensning av forurensing*.

Søknaden er basert på gjeldande utsløppsløyve for Voss tettstad, datert 22.01.2008. Gjeldande løyve omfattar avløpsvatn utrekna til ein maksimal tilrenning til Voss RA, Gjernesmoen, tilsvarande 20.000 pe. Avløpsvatnet skal gjennomgå kjemisk/biologisk reinsing.

### Reinsekrav i gjeldande løyve

- 1) BOF<sub>5</sub>-mengda skal reduserast med minst 70% eller ikkje overstige 25 mg O<sub>2</sub>/l ved utsløpp.
- 2) KOF<sub>Cr</sub>-mengda skal reduserast med minst 90% eller ikkje overstige 60 mg O<sub>2</sub>/l ved utsløpp.
- 3) Fosformengda skal reduserast med minst 95 %.

Dette er strengare reinsekrav sammenlikna med krav etter kap 14 i forureiningsforskrifta. Voss Reinseanlegg overheld desse reinsekrava i utsløppsløyve og syner til innrapporterte analyseresultat.

### Resipienttilhøve

Tilhøve i Vangsvatnet har vore overvaka sidan slutten på 1970-talet. Kloakksanering rundt Vangsvatnet frå slutten av 70-talet og avløpsreinsing ved Voss RA frå 1989 har ført til løpande betre tilhøve mtp. bakteriar, fosfor og algemengde. Resipientundersøking er sidan 1990 utført av Rådgivende Biologer AS. Undersøkingane skildra i deira rapportar syner gode resultat med liten påverknad av eutrofiering.

### Ulempar ved dagens reinsekrav

Voss herad har fokus på separering av avløpssystemet, jf. saneringsplan. Framleis er om lag 20% fellessystem. Tidlegare var det og i instruks skildra at takvatn frå private eigedomar skulle inn på avløpsnett. Det vil seie at ved mykje nedbør kjem mykje overvatn inn på reinseanlegget saman med avløpsvatnet. Ved uttynna avløpsvatn er det naudsynt med uforholdsmessige store mengder kjemikaliar for å oppretthalde reinsekrava.



Voss herad

Til dømes kan mengd fosfor på innløp vere 0.6mg/l. Det å reinse 95% av dette krev mykje kjemikaliar. 0.6mg/l fosfor var krav for makskonsentrasjon i utløpet før 2007. Ved overdosering kan skum førekoma på anlegget.

Vidare vil forbruk av aluminium i reinseprosessen forringe kvaliteten på avløpsslammet. Det er ynskjeleg med så låg konsentrasjon i avløpsslammet som mogleg. Ved lågare forbruk av kjemikaliar i reinseprosessen vil ein i tillegg kunna redusera belastning som transport av fellingskjemikalie på miljøet.

Med vennleg helsing

Tilla Ruud

VA-ingeniør

Driftsavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur